





KSK-notat nr.: 14/2014 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Hardanger Alliansen/Tveisme kraftverk	
Fylke/kommune:	Hordaland/Ullensvang	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Kirsten Marthinsen	Sign.: 
Dato:	03 MAR 2014	
Vår ref.:	NVE 200707964-34	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til å bygge Tveisme kraftverk i Ullensvang herad, Hordaland fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	12
Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse	15
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	21
NVEs vurdering	25
NVEs konklusjon	32

Sammendrag

HardangerAlliansen AS søker om konsesjon til å utnytte et fall på 695 meter (alternativ 1) eller 380/310 meter (alternativ 2 a/b) i Tveismeelva. Etter alt. 1 vil inntaket ligge 745 moh., etter alt. 2 a/b vil det ligge 430/360 moh. Kraftstasjonen er planlagt på samme sted for alle alternativ, 50 moh. Alt. 1 innebærer fullprofilboring mellom inntaket og kote 350 og nedgravd rørgate ca. 1100 meter derfra. Alternativ 2 a/b innebærer kun nedgravd rørgate.

Middelvannføringen i Tveismeelva er beregnet til 588 l/s for alt. 1 og 595/679 l/s for alt. 2 a/b. Alt. 1 har en maksimal slukeevne på 850 l/s og minste driftvannføring på 30 l/s. Alt. 2 a/b har en maksimal slukeevne på 1643/2020 l/s og minste driftvannføring på 40 l/s. Søker har foreslått en minstevannføring på 50 l/s hele året, uansett alternativ. Kraftverket vil ha en installert effekt på 5,2 MW og anslått årlig middelproduksjon er 18,2 GWh etter alt. 1 og 13,5/13,3 GWh etter alt. 2 a/b.

Ullensvang herad er positive til søknaden, på visse vilkår. De mener blant annet at det må settes ei minstevannføring som ivaretar Tveismeelvas verdi i fjordlandskapet, og at inngrepet må bli minst mulig synlig. **Fylkesmannen i Hordaland** har fremmet innsigelse til søknaden om Tveisme kraftverk.

De mener Tveismeelva er et viktig og karaktergivende vassdrag i landskapet, og at de landskapsmessige konsekvensene ved en utbygging er uakseptable. **Hordaland fylkeskommune** går ikke mot det omsøkte prosjektet, men peker på at tema kulturminner er dårlig utredet i søknaden. De mener det er potensial for funn av ukjente, automatisk freda kulturminner. **Direktoratet for mineralforvaltning** har ingen merknader. **Statens vegvesen** ber om at det ikke blir satt i verk tiltak som hindrer ei framtidig utbedring/omlegging av RV 13 i området. De peker ellers på regler for byggegrenser og avkjørsler. **BKK Nett AS** bekrefter at det ikke er kapasitet i regionalnettet pr. september 2010, men at det er planlagt tiltak som vil øke kapasiteten slik at det blir plass til Tveisme kraftverk.

En utbygging etter omsøkt plan vil gi om lag 18,2/13,3 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er en produksjon som er vanlig for småkraftverk. Selv om dette isolert sett ikke er et vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel av ny tilgang de senere år. De tre siste årene har NVE klarert om lag 1,4 TWh ny energi fra småkraftverk. De konsesjonsgitte tiltakene vil være et bidrag i den politiske satsingen på småkraftverk, og satsingen på fornybar energi.

De aller fleste prosjektene vil ha enkelte negative konsekvenser for en eller flere allmenne interesser. For at NVE skal kunne gi konsesjon til kraftverket må virkningene ikke bryte med de føringer som er gitt i Olje- og energidepartementets retningslinjer for utbygging av små vannkraftverk. Videre må de samlede ulempene ikke være av et slikt omfang at de overskrider fordelene ved tiltaket. NVE kan sette krav om avbøtende tiltak som del av konsesjonsvilkårene for å redusere ulempene til et akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE vektlagt to forhold spesielt. Det ene er landskap og det andre er en lokalitet av naturtypen bekkekløft med regional til nasjonal verdi. Vi mener at Tveismeelva, og særlig fossene i øvre del, er viktige og verdifulle landskapselementer i et nasjonalt viktig landskap som også har store reiselivsinteresser. Vi mener at den fraføringen av vann som en utbygging etter alternativ 1 medfører, vil gi uakseptabelt store konsekvenser for landskapet i fjordtrianglet

Hardangerfjorden/Eidfjorden/Sørfjorden. Når det gjelder alternativ 2 mener vi at utbyggingen vil redusere verdien av en bekkekløftlokalitet med regional til nasjonal verdi. Å bygge inntaksdam i bratt og dels rasutsatt terreng, samt legge rørgate og anleggsvei eksponert mot fjorden, vil etter NVEs mening utgjøre et betydelig landskapsinngrep synlig i et stort og verdifullt landskapsrom. De to faktorene til sammen gjør at NVE mener en utbygging etter alternativ 2 a/b også vil ha store negative konsekvenser.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at ulempene ved bygging av Tveisme kraftverk er større enn fordelene. Kravet i vannressursloven § 25 er ikke oppfylt. NVE avslår søknad fra HardangerAlliansen AS om tillatelse etter vannressursloven § 8 til å bygge Tveisme kraftverk.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra **HardangerAlliansen**, datert 13.8.2010:

"HardangerAlliansen ønsker å utnytte vannfallet i Tveisme i Ullensvang herad i Hordaland fylke, og søker herved om følgende tillatelser:

1. Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- Bygging av Tveisme kraftverk i samsvar med fremlagte planer*

2. Etter energiloven om tillatelse til:

- Bygging og drift av Tveisme kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden"*

Tveisme kraftverk, hoveddata				
TILSIG		Hovedalternativ	Alternativ 2a	Alternativ 2b
Nedbørfelt	km ²	8,4	8,5	9,7
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	18,6	21,7	
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	70	70	
Middelvannføring	m ³ /s	0,588	0,595	0,679
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0,050	0,059	
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0,059	0,069	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,017	0,020	
KRAFTVERK				
Inntak	moh.	745	430	360
Avløp	moh.	50	50	50
Lengde på berørt elvestrekning	m	1720	1280	
Brutto fallhøyde	m	695	380	310
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	1,67	0,93	
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,85	1,643	2,012
Slukeevne, min	m ³ /s	0,030	0,040	
Tilløpsrør, diameter	mm	600	900	1000
Tunnel, tverrsnitt	m ²	16	-	-
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	1860	1130	1100
Installert effekt, maks	MW	5,2	5,2	5,2
Brukstid	timer	3000	3310	
MAGASIN				
Magasinvolum	mill. m ³	400	600	
PRODUKSJON				
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,2	1,7	
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	15,8	11,9	
Produksjon, årlig middel	GWh	18,0	13,6	13,3
ØKONOMI				
Utbyggingskostnad	mill.kr	67,14	56,8	60,9
Utbyggingspris	kr/kWh	3,73	4,21	4,58

Tveisme kraftverk, elektriske anlegg alternativ 1		
GENERATOR		
Ytelse	MVA	5,49
Spenning	kV	3,3 el. 6,6
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	5,49
Omsetning	kV/kV	3,3 - 6,6/22
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)		
Lengde	m	70
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		luftlinje
Tveisme kraftverk, elektriske anlegg alternativ 2		
GENERATOR		
Ytelse	MVA	5,4
Spenning	kV	3,3 el. 6,6
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	5,4
Omsetning	kV/kV	3,3 - 6,6/22
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)		
Lengde	m	120
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		luftlinje

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Ullensvang herad har i møte i heradsstyret den 8.11.2010 vedtatt følgende:

"Heradsstyret i Ullensvang rår til at utbygging av Tveisme kraftverk får konsesjon i samsvar med alternativ 1, men med følgjande vilkår:

- All transport til inntaket skal føregå luftvegen. Inntaket/inntaksområdet skal vera plastra tilsådd, slik at inngrepet vert minst mogleg synleg.*
- Vegbygging må planleggast slik at det vert minst mogleg varige synlege inngrep. Det skal vera med detaljer på denne bygginga som syner at det let seg gjera å laga vegen utan at kultur/naturlandskapet får store sår.*
- Det må vera ei minstevassføring i elva, spesielt i sumarsesongen, som tek i vare den verdien Tveismeelva har i fjordlandskapet. NVE må vurdere om den føreslegne minstevassføringa tek dette i vare.*
- Det må takst med i vilkåra at vegetasjon langs elva skal takast i vare, for å redusera dei negative konsekvensane ved utbygginga.*

- *Vegen /røyrkata skal plasserast utanfor område med verdfull styvingstre.*
- *Kraftstasjonen skal plasserast på oppsida av riksvegen, etter godkjent plassering frå Statens vegvesen.*

(...)

Dette er eit prosjekt som grunneigarane på Tveisme og Hardangeralliansen har sendt inn konsesjonssøknad for. Konsesjonssøknaden er sendt inn før fylkesdelplan for Småkraft vart ferdig (desember 2009). Denne planen var på høyring i mai 2009, så det skulle vore råd å ta med moment som denne planen legg opp til at alle småkraftsakar skal omtala. Tveismeelva kjem i fylkesdelplanområde 7 Ulvik – Eidfjord. Dette tiltaket ligg i godt eksponert i fjordlandskapet og vil, dersom det ikkje er godt planlagt og utført, gje negative ringverknader for heilskapen i naturlandskapet. Frå øvste planlagde inntak, er Tveismeelva spesielt godt eksponert frå fjorden.

(...)

Det er i søknaden planlagt å plassera kraftstasjonen på kote 45 alt 1 og kote 20 alt 2. I kommunedelplan for kystsona har heradet sagt at ein bør prøva så langt det let seg gjera, å plassera kraftstasjonsbygg ovanfor riksvegen. I alt 2 er dette tenkt plassert nedanfor riksvegen. Dette kan verta problematisk i dette høve. Dette grunngjevast med konklusjon i Konsekvensutgreiing for RV 13 gjennom heile Ullensvang herad. I området med Tveisme er det planlagt tunnel. Plassering må avklarast med Statens vegvesen. Rådmannen vil rå til at kraftstasjonen vert plassert på øvste sidan av riksvegen.

(...)

Rådmannen er positiv til tiltaket, men dette tiltaket kan, dersom det ikkje vert bygd på rett måte, gje store skjemmande sår i landskapet. Tveismedalen ligg stort sett i dag som urørt område, med unnatak av granplantinga. Rådmannen ynskjer at sluttresultatet etter utbygginga skal vera at området ber preg av lite inngrep. Det vil sei at NVE må vera merksam på detaljplanar og følgja opp at dette målet vert i vareteke.

Fylkesmannen i Hordaland uttalte i brev den 7.12.2010:

”Plan- og influensområdet har prioriterte naturtypar, raudlista artar, friluftsverdiar og villmarksprega område. Utbygging kan få store konsekvensar for eit fjordlandskap av nasjonal og internasjonal verdi. Søknaden dokumenterer ikkje miljøkonsekvensane på ein slik måte at vi kan ta stilling til faktiske verknadar og konsekvensar av utbygging på naturmangfaldet.

Fylkesmannen fremjar motsegn til søknaden slik den ligg føre.

(...)

Overordna merknader til konsesjonesøknaden

Innverknad på naturmangfaldet

Omsøkte utbygging kan føre til drastiske endringar i eit fjordlandskap av nasjonal og internasjonal verdi. Å byggje ut vassdrag som ligg god synleg og heilt sentralt i Hardangerfjorden set særlege krav til dokumentasjon og vurdering. Som ansvarleg styresmakt i konsesjonsspørsmålet må NVE synleggjere korleis tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlova, jf. § 7. I lovas kap II er det krav til å vurdere kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning, at tiltakshavar skal dekke miljøutgifter og krav til å nytte mest mogeleg miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§§ 8-12).

Fylkesmannen meiner at framlagte konsesjonssøknad ikkje gir tilstrekkeleg godt grunnlag til å gjere vedtak i saka, Inngrepets verknad på landskaps- og opplevingsverdi og konsekvensar for reiseliv/turisme er ikkje diskutert eller synleggjort godt nok i søknaden. Konsekvensar for friluftsliv, villmarkspreg og prioriterte naturtypar er og for dårleg dokumentert. Vi viser til omtale av ulike tema under.

Detaljplanar som del av konsesjonssøknad

Fylkesmannar meiner og det er problematisk at arealinngrep knytt til bygging av veg, røyrgate og andre arealinngrep (inntaksområde, kraftstasjon, tunellar, veg, deponi- og riggområde mm) ikkje er planlagt på dette stadiet i prosessen.

Konsesjonspliktige anlegg for produksjon av energi etter energilova, vassressurslova og vassdragsreguleringslova er unnateke frå reguleringskrav, jf. plan- og bygningslova § 12-1. Etter dagens praksis for vassdragskonsesjonar tek NVE stilling til konsesjonsspørsmålet for detaljplanane er utarbeidd, Krav om å utarbeide slike planar framgår normalt av konsesjonsvilkåra. Slike planar går på avgrensa høyring i kommunen og vert godkjent av NVE.

Når høyringspartane ikkje får detaljplanar er det og vanskeleg å få innsikt i kva innverknad utbygginga vil ha på landskap og natur. Vi meiner på denne bakgrunn at detaljplanar bør presenterast som del av konsesjonssøknaden, Konsesjonssøknadane bør syne utbyggingsalternativ som gir minst mogleg kostnad på naturmangfaldet.

Merknad til ulike tema

Landskap og opplevingsverdi

I søknaden vert det opplyst at vassdraget, røyrkata og kraftstasjonen ikkje er eksponert for innsyn frå Rv13, men noko eksponert frå sjøsida.

Fylkesmannen vil vise til at øvre del av Tveismeelva har fossepreg. Frå om lag kote 700 til kote 400 er elva eksponert, er godt synleg i fjordbilette og har verdi som landskapselement i eit landskap av regional, nasjonal og internasjonal verdi.

Vi vil vise til følgjande dokumentasjon, som bør vere sentral i NVE sin vurdering av konsesjonssøknaden:

I NLIOS-Rapport 8/2000 "Skildring av landskapsregionar i Hardanger og delar av Sunnhordland" inngår Tveismedalen i underregion 23.18 og klasse A2. Dette er den nest mest verdifulle landskapsklassen og har høg inntrykksstyrke og mangfald. Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 definerer indre Hardangerfjord inkludert Sørfjorden og Eidfjorden som "fjordlandskap med stor verdi". Fagradalen inngår i eit større område av sårbare høgfjellsområde med stor verdi og inngrepsfri natur med middels og stor verdi. Området er kartlagt som eit regionalt friluftsområde med noko verdi. I tillegg er dette ein region med stor verdi for reiselivet.

Eventuelle nye utbyggingar av vassdrag sentralt i Hardangerfjorden bør gjerast ut frå ei samla belastning knytt til utbyggingar som i dag er utført eller omsøkt i dette fjordbassenget. Fylkesmannen ventar at eksisterande dokumentasjon vert vektlagt i vidare handsaming av konsesjonsspørsmålet. Tiltaket må vurderast i lys av den europeiske landskapskonvensjon og internasjonal godkjenning av norske fjordlandskap.

Arealinngrep og inngrepsfri natur

Langs Tveismeelva går ein sti opp til Fagradalen. Røyrghaten er lagt i traseen for denne stien. Breidda på denne er sett til 10-15 m, men etter vår erfaring er det mest realistisk å rekne at ein

røyrгатetrase vert minst 20 m brei. Vassvegen skal til tunnelpåhogget i alternativ 1, eller til inntaket for alternativ 2. Noko av overskotsmassane frå tunnelen skal nyttast i anleggsvegen. Alternative område for å deponere overskotsmassane er ikkje synleggjort i søknaden. Her er omsyn både til prioriterte naturtypar, raudlista artar og landskap som må sikrast gjennom planlegging og plassering av eit eventuelt deponi. Slik søknaden ligg føre kan vi ikkje vurdere eventuelt konfliktpotensiale mellom deponi og allmenne interesser/ naturmangfaldet. Vi forventar at denne type informasjon vert utarbeidd og lagt til grunn for vedtak i saka.

Permanent anleggsveg vert om lag 1160 m for alternativ 1, inkludert 60 m veg til stasjonen. For alternativ 2 vil permanent anleggsveg bli 1250 m, og av dette er 180 m ny veg. I tillegg kjem røyrгатetrase. Denne er ikkje bonitert, men det meste skal skytast. Transport mellom påhogg til tunnel og inntak skal etter saksopplysningane utførast med helikopter. Dei fysiske inngrepa i samband med veg og trase er omfattande. Dei landskapsmessige konsekvensane av inngrepa er ikkje synleggjort i søknaden.

Fysiske tiltak i Tveismedalen og Fagradalen må planleggast med omsyn til landskaps- og opplevingsverdiane i området. Terrenginngrep må dokumenterast visuelt og detaljert ved bruk av 3D-bilde og fotomontasje. Inngrepa knytt til veg- og røyrгатetraseen er ikkje vurdert i samanheng. Dei ulike inngrepa si eksponeringsgrad, fråfall av vatn i øvste del, reduksjon av urørd natur og generelt korleis utbygginga vil påverke landskaps- og opplevingsverdi er ikkje visualisert, eller dokumentert. Fylkesmannen manglar difor grunnlag til å vurdere dei samla konsekvensane og for å nivåfeste konfliktpotensiale med omsyn til naturmangfaldet og allmenne interesser.

Med tilvising til naturmangfoldlova sitt krav om å nytte mest mogleg miljøforsvarelege teknikkar bør ein utgreie eit utbyggingsalternativ utan å bygge veg.

Alternativ 1 med tunnel vil redusere villmarksprega areal med 0,6 km². Arealreduksjon i INON sone 1 og 2 er respektivt 3,0 km² og 2,7 km². Reduksjon av villmarksprega areal er prinsipielt i konflikt med nasjonalt miljømål. For å stadfeste faktisk konfliktnivået bør også topografien inngå i vurderinga. Problemstillinga må difor belyst og visualiserast i saksopplysningane. Eksempelvis ved bruk av fotomontasjar eller tredimensjonale bilde med utsyn frå ulike siktepunkt, gjerne frå villmarksprega areal, mot dam og oppdemming i terreng. Slik søknaden ligg føre er dette temaet ikkje godt nok opplyst.

Biologisk mangfald inkludert fisk

Rådgivende Biologer har kartlagt kryptogamar og naturtypar i planområdet og prosjektet er konsekvensvurdert i vedlagt rapport. I planområdet er det registrert to raudlista lavartar; rognelundlav (*Bacidia absitens*) og skorpefiltlav (*Protopanaria ignobilis*), begge med status sårbar i Norsk Raudliste 2006. Planlagt vassveg ligg om lag 35 m og 50 m frå desse førekomstane og konsulenten vurderer det som lite sannsynleg at planlagt tiltak vil påverke førekomstane.

Det er registrert to prioriterte naturtypar; bekkekløft/bergvegg og hagemark. Redusert vassføring kan føre til endringar i elvekantsona langs elva. Naturtypen hagemark har verdi på grunn av gamle styva bjørketrær og storvaksne søyle einer. Sprenging og graving i tiltaksområdet vil påverke denne lokaliteten, men verdien er lokal.

Utbygginga vil neppe påverke dei raudlista artane direkte, men både røyrгата og skogsvegen kryssar hagemarken, da mykje av røyrгатetraseen skal sprengast.

Søknaden er ikkje tydeleg på korleis desse verdiane skal sikrast i anleggsarbeidet; ved etablering av ev. deponi, ved utviding av sti og framføring av veg og røyrгатetrase.

For at Fylkesmannen skal kunne vurdere faktiske verknadar av utbygginga på denne naturtypen må søknaden vise kart med inngrep som skogsveg, røyrgate og eventuelle deponi skalert i høve til målestokk på kartet. Slik søknaden ligg føre er veg- og røyrгатetrase synt som liner i eit kart med grov målestokk noko som ikkje er tilstrekkeleg for å vurdere korleis utbyggar har planlagt å ta omsyn til dokumenterte naturverdiar.

Fisk er ikkje vurdert spesielt, men søknaden syner til at lokalbefolkninga ikkje kjenner til at det går fisk opp frå sjøen. Lokal kunnskap er viktig, men må supplerast med ei fagleg vurdering. Fylkesmannen har ikkje kjennskap til at det er sjøaurebekkar i området.

Konklusjon

Søknaden gjev ikkje Fylkesmannen eit godt nok kunnskapsgrunnlag til at vi kan vurdere konflikt med naturmangfaldet og dei allmenne interessene i området som landskaps- og opplevingsverdi, villmarkspreg og biomangfold.

Dei faktiske landskapsinngrepa er etter Fylkesmannen si meining ikkje dokumentert godt nok til at vi kan gje ei fagleg vurdering av prosjektet. Vi viser til naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsgrunnlaget. Grunnlaget for å vurdere bruk av best mogeleg miljøforsvarleg teknikk og driftsmetode er heller ikkje tilstades, jf. § 12 i naturmangfaldlova.

Med denne bakgrunn fremjar vi motsegn til konsesjonssøknaden slik den ligg føre.”

Hordaland fylkeskommune uttalte i brev den 12.11.2010:

”Vi viser til søknad om konsesjon for Tveisme kraftverk i Ullensvang herad. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan Kulturminnevern.

Utbygginga vedkjem Tveismeelva og tilgrensande område. I følgje søknaden er dei einaste kjende kulturminne i influensområdet nokre utløer som ikkje er i direkte konflikt med tiltaket. Samtidig i søknaden er det omtalt og vist bilete av gamle stiar, steingard, styvingstre mm, alle ulike typar kulturminne som vitnar om at området har vore mykje brukt. Hordaland fylkeskommune saknar ei utgreiing av kulturminnetema som er like detaljert som det for biologisk mangfald, og som er utført av fagfolk og basert på ei grundig synfaring av området. Det er ikkje gjort ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjende, automatisk freda kulturminne

Hordaland fylkeskommune vurderer at potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne er tilstades. Dette er eit område som ikkje har vore systematisk undersøkt av arkeologar før. Då det er eit potensial for funn av hittil ikkje-registret automatisk freda kulturminne vil det vere naudsynt med nærare kulturminnegransking for å avklare dette og for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven. Vedlagt ligg kostnadsoverslag for arkeologisk registrering Utbyggjar skal koste ei slik gransking.

Hordaland fylkeskommune vil helst ha slik undersøking gjennomført før konsesjonen vert handsama. Sidan vi ikkje kan gjennomføre ei slik undersøking om vinteren må dette venta til neste vår. I dette tilfellet kan vi avvente gjennomføring av undersøkingsplikta til ein eventuell konsesjon er gjeven. Dersom det vert avdekka automatisk freda kulturminne i konflikt med tiltak, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Undersøkingsplikta, jf. § 9 i Kulturminneloven, må vere oppfylt i god tid før iverksetting av tiltak i marka, og vi ber difor om skrifleg godkjenning av vedlagte kostnadsoverslag.

Undersøkingsplikta, jf. § 9 i Kulturminneloven, må oppfyllast i god tid før iversetjing av tiltak i

marka. Dersom det vert avdekka at tiltaket er i konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaket justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette mynde til å handsame dispensasjonar frå Kulturminneloven.

Hordaland fylkeskommune uttalte i brev den 13.12.2010:

"Fylkesutvalet handsama sak 266/10 i møte 8.12.10 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

- 1. Fylkesutvalet vil rå til at det vert gjeve løyve til utbygginga under føresetnad at utbyggjar i forkant av konsesjonsavgjerd legg fram dokumentasjon som viser at tiltaket ikkje vil verke vesentleg negativt inn på oppleving av fjordlandskapet. Det vert naudsynt med fotodokumentasjon av elva som del i landskapet under ulike vassføringar og visualisering av tekniske inngrep som veg og røyrtrase, jf retningsline R11.6 i fylkesdelplan for små vasskraftverk.*
- 2. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde."*

Fra saksutredningen refererer vi følgende:

" Klimaplan for Hordaland (2010-2020) erstattar Energiplan for Hordaland (2001-2012) når det gjeld mål, der strategi C gjeld ny energiproduksjon. Delmål 9 er mest relevant i denne saka:

(...)

9. Hordaland skal produsere energi frå fornybare kjelder og med minst mogleg arealkonfliktar. Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i fylket. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

Retningslinene frå energiplanen vart ikkje revidert i samband med klimaplanen. Gjennom arbeidet med fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021 vart det utforma nye retningslinjer som erstattar retningslinene i energiplanen når det gjeld små vasskraftverk.

(...)

I fylkesdelplan for små vasskraftverk står følgjande oppsummert som tekst for aktuelt delområde:

Ulvik-Eidfjord delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Sårbart høgfjell og villrein krev særskilt merksemd og spesielle tiltak, det same gjeld for den viktige villaksbestanden i Eidfjordvassdraget. Ein må vere merksam på at omfang av villmark i verna område kan bli redusert som følge av utbygging i randsona til større inngrepsfrie område. Området har store verdiar for friluftsliv med viktige oppgangssoner til store turområde på Hardangervidda og Hardangerjøkulen. Mykje av vassdragsnaturen er alt er regulert i samband med kraftutbygging, og det vert viktig å ta dette med ved vurdering av sumverknad for området ved nye prosjekt.

I denne saka er punktet om landskap av høg verdi viktig for reiselivet som gjer det naudsynt med god visualisering av inngrep aktuell. Kommentar om at utbygging i randsona til større inngrepsfritt område kan gje reduksjon i areal rekna som villmark er også relevant. Areal som

endrar status ligg ikkje i nasjonalparken, men er innafor eit verna vassdrag. Vedteke fylkesdelplan har ikkje spesifikke retningslinjer om inngrepsfrie naturområde.

R1 syner positiv grunnhaldning til bygging av små vasskraftverk. Utbygginga er ikkje av dei dyraste, og vil gje inntekter til grunneigarar som kan vere med på å sikre lokal busetnad.

R2 er ikkje relevant då utbygginga ikkje gjeld verna område.

Fjordlandskapet i Hardanger er vurdert til å ha stor verdi, og gjennom R3 har ein særleg merksemd mot eksponerte fossar og vassdrag og inngrep som reduserar opplevingskvaliteten til landskapet. Biletaterialet i søknaden viser i liten grad korleis vassdraget i dag er eksponert frå fjorden ved ulike vassføringar eller illustrasjon av kor synleg t.d. vegbygginga vert i landskapet. Utbygginga nyttar borehol og tunnel i øvre del for alternativ I som er positivt. Skissert omfang på minstevassføring er sett lik ålmenn lågvassføring.

Øvre del av utbyggingsområdet er i sårbart høgfjell av noko verdi. Utbygginga nyttar tunnel på store delar av røyrstrekket og transport med helikopter til inntak og dam i dei høgareliggjande områda slik R4 viser til som avbøtande tiltak.

I høve R5 biologisk mangfald har området naturtypen bekkekløft med bergvegg (verdi AfB) og hagemark (verdi C), og det er gjort nærare kartlegging av desse. Det er gjort funn av to raudlista lavartar som særleg er sårbar for arealinngrep, treslagsskifte og beiting - ikkje primært for redusert vassføring. Med detaljert planlegging som tar omsyn til lokalitetane for raudlisteartane kan ein unngå konflikt med desse.

Utbyggingsstrekninga har ikkje stadeigen fiskestamme og R6 er mindre relevant.

R7 har fokus på friluftsområde med stor verdi. Det går merka sti langs nordsida av elva opp til ca kote 750. Området er del av Gryting —Dalarn som er eit større turområde i Ullensvang registrert i rapport om kartlegging av regionalt viktige friluftsområde frå 2008. I Småkraftplanen er dette friluftsområdet verdsett til noko verdi. Verknader for friluftsliv vert i dette tilfelle ikkje vurdert å vere avgjerande for utbyggingsspørsmålet.

Kulturminne (R8):

I følgje søknaden er det einaste kulturminne kjent i influensområde nokre utløer som ikkje er i direkte konflikt med tiltak. Samtidig i søknaden er det omtalt og vist bilde av gamle stiar, steingard styvingstrær mm, alle som vitne om at område har vore mykje brukt. Hordaland fylkeskommune saknar ei utgreiing på kulturminnetema som er like detaljert som det for biologisk mangfald og som er utført av fagfolk og basert på ei grundig synfaring av området. Det er ikkje gjort ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjend automatisk freda kulturminne

Hordaland fylkeskommune vurderer at potensiale for funn av hittil ikkje kjend automatisk freda kulturminne er tilstede. Dette er eit område som ikkje har vore systematisk undersøkt av arkeologar før. Då det er eit potensiale for funn av hittil ikkje-registerte automatisk freda kulturminne vil det vere naudsynt med nærare kulturminnegransking for å avklare dette nærare. Utbyggjar skal koste ei slik gransking, men i denne saka kan ein avvente gjennomføring til ein eventuell konsesjon er gjeven. Dersom det vert avdekka automatisk freda kulturminne i konflikt med tiltak, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde. Undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminneloven, må vere oppfylt i god tid før iverksetting av tiltak i marka.

Retningsline R9 om reiseliv har fokus på område av stor verdi for reiseliv. Området langs Hardangerfjorden er vurdert å ha stor verdi for reiselivet, mellom anna grunna fjordlandskapet og cruisetrafikken. Som kommentert for R3 er søknaden ikkje fullgod i å vise landskapsverknad av tekniske inngrep og sterkt redusert vassføring i elva.

Tippmassar er planlagd nytta i prosjektet og overskytande mengder kan om ønskeleg fraktast ut av området for bruk. R10 er slik fylgt opp.

Når det gjeld R 11 inneheld søknaden ein del kart og bilete, men viser ikkje fotoillustrasjon av varierende vassføring og verknad av inngrep som t.d. vegbygging i landskapet slik R11.6 krev.

Samla vurdering

Med bekkeløft og hagemark med førekomst av raudlisteartar i nedre del har utbyggingsområdet biologiske viktige kvalitetar, men med god planlegging vil ein kunne ta omsyn til desse. Vassdraget renn ut i Eidfjorden som er del av Hardangerfjorden, der fjordlandskapet har høg verdi, mellom anna for reiseliv med båtruter på fjorden. Søknaden manglar nærare omtale og visualisering av vassdraget sin funksjon i fjordlandskapet og kor synleg elva er ved ulik vassføring, noko som er naudsynt for å kunne ta stilling til omfang av minstevassføring i elva. Utbyggjar har sjølv vurdert tiltaket å ha liten negativ konsekvens for landskapet. Utbygginga er i randsona til eit større urørt naturområde og vil føre til endringar i alle INON-klassane for urørt natur. Då vedteken fylkesdelplanen for små vasskraftverk ikkje har retningslinjer retta mot tap av urørt natur vil bortfall av INON areal ikkje verke inn på vurderinga av konsesjonsspørsmålet. Utbygginga er vurdert å vere i lite konflikt med kjende regionalt viktige kulturminneverdiar, med ein må ta atterhald om at seinare kulturminnegransking kan avdekke automatisk freda kulturminne som krev justeringa av planane. For andre interesser ser utbygginga ut til ikkje å vere i vesentleg konflikt med regionale interesser. Under føresetnad av at utbyggjar i forkant av konsesjonsavgjerd legg fram dokumentasjon som viser at tiltaket ikkje vil verke vesentleg negativt inn på opplevinga av fjordlandskapet vil ein rå til at det vert gjeve løyve til utbygginga. Nærare krav bør vere fotodokumentasjon av elva som del av landskapet under ulike vassføringar og visualisering av tekniske inngrep som veg og røyrtrase, jf retningsline R11.6 i fylkesdelplan for små vasskraftverk.”

Direktoratet for mineralforvaltning uttalte i brev den 4.11.2010:

”(…)

Direktoratet kan ikkje finne at prosjektet vil røre ved viktige førekomstar av mineralske råstoff, og vi har følgeleg ikkje merknader til saka.”

Statens vegvesen Region vest uttalte i brev den 28.10.2010:

”Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssakar omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å skapa størst mogeleg trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

I samband med søknad om Tveisme kraftverk vil vi peika på fylgjande:

- *Generell byggegrense langs RV 13 er 50 m dersom ikkje anna er regulert inn.*
- *I rammeplan for avkøyrslar er RV 13 klassifisert som veg med svært streng haldning, som bl.a. inneber at ”nye avkøyrslar og utvida bruk av eksisterande avkøyrslar vert berre godkjent etter reguleringsplan eller godkjent detaljplan etter veglova”.*
- *Ullensvang herad saman med Statens vegvesen har utarbeidd ein konsekvensutgreiing (KU) for RV 13, vedteken i 2008. I nemnte KU er det vurdert fleire alternative løysingar for RV 13 i Tveisme/Ulsnes-området, der tunnel er det alternativet som peikar seg ut som beste løysing. Det ligg ikkje føre konkrete planar/løyvingar, men det er viktig at det ikkje vert sett i verk tiltak som hindrar ei framtidig omlegging/utbetring av RV 13 i dette området.*

- *Plassering av kraftstasjon på nedsida av RV 13 (alt. 2) vil slik vi ser det, vera eit betre alternativ ut frå omsynet til noverande og framtidig RV 13.*

Vi har elles ingen merknad til den framlagte søknaden."

BKK Nett AS uttalte i brev den 20.9.2010:

"BKK Nett er utredningsansvarlig for det regionale kraftsystemet i "BKK-området og indre Hardanger" som omfatter det meste av Hordaland Fylke samt Gulen kommune i Sogn og Fjordane.

HardangerAlliansen har søkt konsesjon på Tveisme kraftverk i Ullensvang herad. Planlagt installert effekt er 6 MW. Nærmeste transformatorstasjon er Bu. Fra Bu går det en 50 kV ledning til Voss via Granvin, og en 50 kV ledning til Sima.

Vi kan bekrefte vedlegg 4 i konsesjonssøknaden (brev fra Indre Hardanger Kraftlag datert 19. februar 2009) hvor det står at det ikke er ledig kapasitet i regionalnettet til ny kraftproduksjon pr dags dato, men at BKK Nett og Statnett er i gang med å planlegge hvordan kapasiteten skal økes.

BKK Nett planlegger å bygge en ny 132 kV ledning Voss-Granvin, samt å øke 300/132 kV transformatorytelsen i Evanger. BKK Nett har fått konsesjon på disse tiltakene, men konsesjonsvedtaket på kraftledningen er for tiden under ankebehandling.

Statnett planlegger å øke transformatorkapasiteten i Sima mot 50 kV ledningen mot Bu.

Når disse tiltakene er utført vil det være kapasitet i regionalnettet til å kunne ta i mot produksjonen fra Tveisme kraftverk."

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i e-post av 25.5.12 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

" 1 - Ullensvang herad (UH) datert 09.11.10

- 1. UH har handsama søknaden og komme med positiv tilråding for alternativ I med fylgjande vilkår for konsesjon:*
- 2. All transport til inntaket skal føregå luftvegen. Inntaket/inntaksområdet skal vera plastra tilsådd, slik at inngrepet vert minst mogeleg synleg.*
- 3. Vegbygging må planleggast slik at den vert minst mogeleg varige synlege inngrep. Det skal vera med detaljer på denne bygginga som syner at det let seg gjera og laga vegen utan at kultur/naturlandskapet får store sår.*
- 4. Det må vera ei minstevassføring i elva, spesielt i sumarsesongen, som tek i vare den verdien Tveismeelva har i fjordlandskapet. NVE må vurdera om den foreslegne minstevassføringa tek dette i vare.*
- 5. Det må takast med i vilkåra at vegetasjonen langs elva skal takast i vare, for og redusera dei negative konsekvensane ved utbygginga.*
- 6. Vegen/røyrkata skal plasserast utanfor område med verdfull styvingstre.*
- 7. Kraftstasjonen skal plasserast på oppsida av riksvegen, etter godkjent plassering frå Statens vegvesen.*

Kommentarar frå utbyggjar

1. *I detaljplanen vil utbyggjar søkja om endeleg trase for røyrgate og veg. I forbindelse med detaljplanen vil transport til inntaksområdet verta ein del av grunnlaget. Når det gjeld plastring og tilsåing av inntaksområdet kjem dette og i endeleg detaljplan.*
2. *Detaljplanen vil visa endeleg plassering av vegar i samarbeid med skogbruksmyndigheiter som vil leggja føringar for bruk av vegen i høve jord- og skogbruks drift av området.*
3. *Utbyggjar reknar med at NVE vurderer minstevassføringa i prosjektet. Dersom stasjonen vert flytta høgare opp langs elva, vil den delen som er synleg frå RV 13 ikkje verta råka av utbygginga andsynes vassføring i elva.*
4. *Vegetasjonen langs elva vil ikkje verta råka av utbygginga, då det ikkje er naturleg og leggja veg eller røyrgate i området mot elva då det er bratt og ras utsett. Detaljplanen vil visa dette.*
5. *Områder med verdfull vegetasjon må kartfestast og deretter vil Detaljplanen visa kor veg og røyrgate går. Dersom det ikkje let seg gjera å unngå alle styvingstre vil utbyggjar ta kontakt med rette myndigheit og evt. søkja om dispensasjon frå kravet.*
6. *Vegvesenet har i sin uttale til planane merknad til plassering av stasjon på oppsida av riksvegen, dei ynskjer at stasjonen vert plassert på nedsida av riksvegen. Utbyggjar har sett på ny plassering av stasjon og kome til at den kan plasserast høgare opp i elva enn framlegget i søknaden. Den nye plasseringa vil ta omsyn til Vegvesenet sine planar i området og vil ikkje koma i konflikt med desse.*

2 - Fylkesmannen i Hordaland (FYM) datert 07.12.10

FYM varslar motsegn mot konsesjonen. Konklusjonen frå FYM er at søknaden ikkje gjev eit godt nok kunnskapsgrunnlag til at FYM kan vurderer konflikt med naturmangfaldet og dei allmenne interessene i området som landskaps- og opplevingsverdi, villmarksprege og biomangfald.

Dei faktiske landskapsinngrepa er etter FYM si meining ikkje dokumentert godt nok til at dei kan gje ei fagleg vurdering av prosjektet.

Kommentarar frå utbyggjar

Det er utarbeid ein landskapsrapport som er sendt til NVE. Denne tek omsyn til dei krav som vert sett av FYM og av NVE i brev av 6.januar 2011.

3 - Hordaland Fylkeskommune (HF) datert 13.12.10.

HF rår til at det vert gitt løyve til utbygginga under føresetnad om at det vert lagt fram dokumentasjon som viser at tiltaket ikkje vil verka vesentleg negativt inn på opplevinga av fjorslandskapet under ulike vassføringar, og at dette vert visualisert saman med tekniske inngrep. Det vert og stilt krav til at undersøkingsplikta i høve kulturminnelova vert oppfylt, og eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne vert handsama etter lovverket.

HF har i brev av 12.11.2010 sett fram krav om arkeologisk registrering i området. HF ynskjer helst ei slik undersøking før konsesjonen vert handsama, men kan i dette tilfellet avvente gjennomføringa til eventuell konsesjon er gitt.

Kommentar frå utbyggjar:

Utbyggjar har fått utarbeid ein landskapsrapport som er oversendt NVE til vidare handsaming. I denne går det fram korleis tiltaket har eventuelle innverknader på fjordlandskapet. Utbyggjar vil dersom tiltaket får konsesjon, utføra arkeologisk registrering i området i samsvar med dei krav som HF set og etter plan for undersøkinga utarbeid av HF.

4 - Direktoratet for mineralforvaltning datert 04.11.10

Direktoratet har ingen merknad til søknaden.

5 - Statens Vegvesen Region Vest (VEG) datert 28.10.10

VEG visar til at generell byggegrense langs RV 13 er 50 m dersom ikkje anna er regulert gjennom andre planar. RV 13 er klassifisert med streng halding til nye avkøyrslar. Det er i 2008 utarbeid ein konsekvensutgreiing for RV 13 i Ullensvang herad. Det er vurdert fleire ulike løysingar for området Tveisme, men det ligg ikkje føre konkrete planar/løyvingar for området i dag.

VEG går inn for plassering av stasjonen på nedsida av riksvegen.

Kommentar frå utbyggjar:

Utbyggjar har gjennom prosessen med utarbeiding av landskapsrapporten komme til at stasjonen bør flyttast litt lenger opp i elva. Det bør i denne samanheng takast omsyn til dei planar som VEG har for området Tveisme. Og om naudsynt kan det utarbeidast ein forenkla reguleringsplan for området til stasjon og avkøyrslar til denne.

HardangerAlliansen inviterte ein representant frå VEG til ein uformell synfaring i høve plassering av stasjon, og for å få innspel rundt planar for RV 13 i området. Det vart drøfta ulike plasseringar av stasjonen – lenger opp langs elva og på nedsida som i søknad. Ved å flytta stasjonen lengre opp langs elva, vil ein ikkje få direkte innsyn til stasjonen og vassføringa i elva frå stasjonen til fjorden vert urørt. Dersom ein legg stasjonen på nedsida av riksvegen, vil ein seinare vegutviding truleg koma i konflikt med røyrtraseen. Det vil og gje mindre vatn i elva som er synleg frå RV 13. Ved å flytta stasjonen opp i vassdraget vil dette vera både vegteknisk og miljømessig ein betre plassering.

6 - BKK Nett AS (BKK) datert 20.09.10

BKK stadfestar uttale frå IHK om nettsituasjonen. BKK peikar på ein del planar for utbygging av kapasiteten mellom Hardanger og Voss som vil gje større kapasitet i regionalnettet. Når dette er på plass vil nettet kunne ta imot produksjonen frå Tveisme kraftverk.

Kommentar frå utbyggjar:

Utbyggjar har eit samarbeid med Hardanger Energi AS gjennom HardangerAlliansen som er part i Tveisme kraftverk, gjennom dette samarbeidet vert utbyggjar halden orientert om stoda i linjenettet til ei kvar tid. Utbyggingane som BKK peikar på er på plass før Tveisme kraftverk er klar til produksjon dersom BKK held dei tidsplanar som er lagt.

Vurderingar og endringar i søknaden etter høyringsuttalane.


Etter gjennomgang av landskapsrapporten, simuleringar og vurderingar meiner utbyggjar at stasjonen bør flyttast opp til kote 50 for begge alternativa. Sjølv om landskapet i Tveismedalen er vurdert til mellom stor og middels negativ påverknad for alt. 1. meiner utbyggjar at dette alternativet likevel er det som bør byggjast ut. Det som er negativt for landskapet er redusert

vassføring. For å auka vassføringa har utbyggjar redusert slukeevne til 150% i det planlagte alt. 1.

Med reduksjon til 150% (920 l/s) vil ein få installert effekt på 5,2 MW (5,49 MVA) og 18,5 GWh produksjon. I figur 1 er dagleg avrenning og produsert volum for dette reduserte alternativet vist.

Simuleringane er gjort med datafil frå NVE sin hydrologirapport.

Produksjon (GWh)	Generatoreffekt (MVA)	Slukeevne (l/s)
18,5	5,49	920 (150%)



Figur 1: Dagleg avrenning og produsert volum i eit median år for alt. 1. med 150% slukeevne

Antal dagar med avrenning større enn Q_{maks} = 76.

Antal dagar med mindre avrenning enn slukeevne + minstevannføring = 26.

For alt. 2 er einaste endringa frå opphavleg søknad at stasjonen er flytta til kote 50."

Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse

HardangerAlliansen oversendte i e-post av 14.5.2012:

NNI-rapport 265 - Tveisme kraftverk, Ullensvang Herad. Utredning av tema Landskap (Arnold Håland og Beate Hult, september 2011)

"SAMMENDRAG

Det er planlagt et småkraftverk med utnyttelse av vannressurser i deler av Tveismeelva, Ullensvang herad i Hardanger. NNI har gjennomført feltundersøkelsen i perioden primo mai til medio juli 2011, med hovedfokus på landskapets karakter og vassdragets vannføring til ulike tidspunkt på sommelen. Det forligger 2 ulike utbyggingsalternativer knyttet til småkraftprosjektet i Tveismeelva.

Utbygging knyttet til Tveisme kraftverk er planlagt med et inntak på kote 775 i Fagradalen (Alt. 1) eller på kote 400 i Tveismedalen (Alt. 2). For begge alternativer er rørgaten i Tveismedalen i hovedsak i samme trasé, noe lengre for Alt. 2 da Alt. 1 er planlagt med tunnel ned fra inntak på 725 moh. Kraftstasjonen er planlagt plassert ved Tveismeelva like ovenfor Rv13, ca på kote 50 moh. Dette er en mindre endring kontra tidligere plassert stasjonsområde.

Det storskala landskapet i Tveismeelva og omgivende influensområde er gitt stor verdi, spesielt knyttet til landskapsformasjoner (synlig hengende U-dal) og et større fosselandskap mellom Fagradalen og Tveismedalen nedenfor (øvre del), samt som en del av et større fjordlandskap. Omfanget av de planlagte tiltak er vurdert til middels til stort negativt omfang for Alt. 1 (berører fosselandskapet) og lite negativt omfang for Alt. 2 som har inntak på kote 400 nedenfor fosselandskapet.

Negative konsekvenser for tema landskap er vurdert til liten negativ konsekvens for Alt. 2 og middels til stor negativ konsekvens for Alt. 1. I denne vurderingen er Alt. 2 justert med at kraftstasjonen er flyttet noe oppover, til ovenfor fossestrykene ved Rv13.

Sumvirkninger og relasjon til andre landskapsinngrep er drøftet, spesielt de landskapsmessige virkninger skogbruket har ved uthogst av de store granplantefeltene i området (aktuelt de siste årene mange steder i Hardanger). Rørtraséen som er planlagt gjennom de store sammenhengende granfelter vil landskapsmessig måtte relateres til aktuelle skogbrukstiltak, men virkninger for begge tiltak er temporære knyttet til revegetering (rørtrasé) og gjenvekst av skog i eventuelle hogstfelt i området. Aktuelle tiltak er visualisert i rapporten.

Avbøtende tiltak er aktuelt, spesielt knyttet til skjerming av inntaket (Alt. 2), rørtrasé (og vei) gjennom Tveismedalen, men også ved å flytte kraftstasjon en kort stykke oppover langs Tveismeelva slik at fosselandskapet nede ved Rv13 ikke blir berørt (slik stasjons- plassering er visualisert i denne rapport). Stasjonen blir da lite synlig, både i det nære landskapet, men ikke minst i det storskala fjordlandskapet der stasjonen knapt vil være synlig.

Tilleggsutgreiing for Tveisme kraftverk, **HardangerAlliansen** 16.9.2012:

”(…)

2. Felles

Det viser seg at kotehøgdene i opphavlig søknad som vart utarbeid i 2006/2007, ikkje har vore nøyaktige nok i forhold til kvar inntaka har vore planlagt. Staden som på synfaringa vart vist som inntaksplassering for det høgaste inntaksalternativet er på kote 745 ikkje 725 som det står i søknaden. Det er kun denne eine staden det har vore planlagt å laga inntak.

Det andre omsøkte alternativet har vore på ca. kote 400. Etter å ha brukt nye kart og høgdemåling, har me funne ut at det er på kote 360, dette har vore planlagt.

Det var stilt spørsmål frå NVE om det var mogleg å plassera inntak i det rasutsette området frå kote 400 og nedover. Det har difor også blitt utgreidd eit alternativ med inntak på kote 430 som er ovanfor den rasutsette delen av elva.

Hovudalternativet til utbyggjar er det same som tidlegare og er benevnt alternativ 745. Einaste endring i forhold til tidlegare er reduksjon av slukeevna og at ein vil satsa på fullprofilboring i staden for tunnel og sjakt, på det siste strekket frå ca. kote 350 til kote 745. For alle alternativ er stasjonsplassering, vegar, riggområde og grøftetrase det same, omtrent inntil staden Dalsjøena (ca. kote 350). Dette er vist på vedlagt kart.

Kart.

Det ligg ved to stk. oppdaterte kart i M=1:5000. Teikning 1151-1 inneheld opplysningar om dei ulike alternativa utbyggjar har vurdert.

Kart 1151-2 visar dei ulike alternativa saman med vegar, evt. deponiområde, riggplassar, vegar, område for evt. massedeponi og oppdaterte høgder som no er i samsvar med plasseringar i terrenget av dei ulike inngrepa.

Deponi.

Det er to område som eignar seg til deponi av overskotsmassar som ikkje vert nytta til vegbygging. Begge områda er vist på kart og vart peika ut i terrenget under synfaringa 21. juni 2012.

Coanda.

Alle alternativ sine inntak kan byggast som Coandainntak, dette må vurderast nøye saman med teknisk konsulent før endeleg val av utforming av inntak vert gjort, og vil derfor koma i detaljplan. Leverandør av Coanda, opplyser at inntaket kan kombinerast med rister for avvising av mindre stein, så at inntak er utsett for lausmassar, kan og løysast med Coanda.

Tilgjenge og skred.

Utbyggjar har sett nøyare på området for mogeleg inntak og visar på teikning 1151-2 dei ulike alternativ som er mogeleg å gjennomføra utan altfor store inngrep og kostnader. Det er alternativ med inntak på kote 745 som peikar seg ut som det som er minst utfordringar med, og som vil gje størst produksjon samstundes som det visar minst igjen i landskapet. Og ved å redusera slukeevna til om lag 145%, vil elva ikkje få særleg reduksjon i vassføringa i den delen av året landskapet er eksponert mot fjorden(cruisebåtar) - då det om vår/sommar er betydeleg større vassføring enn kraftverket nyttar seg av. Alternativet med inntak på 430 er det nest beste, her er ein utanfor det området som er mest utsett for snøskred. Men eit inngrep her vil vera meir synleg i landskapet p.g.a. terrenget er bratt og eksponert mot fjorden.

Vegar

Utbyggjar har saman med driftsplanleggar frå Vestskog (Skogeigarlaget i Hordaland og Rogaland), vore på synfaring i høve at evt. anleggsveg kan byggjast som skogsveg for å ta ut skog i området. Dette er fullt mogleg å kombinera og skogsvegen/anleggsvegen er vist på teikning 1151-1. Det er behov for skogsveg fram til område for deponi. Ovanfor dette området er det ikkje planta skog i dag. Dersom alternativ med inntak på 745 skal drivast med tunnel og sjakt vil det vera behov for ein høgare standard på vegen fram til påhogg, enn dersom sjakta vert driven med fullprofilboring. Ved fullprofilboring er det heller ikkje naudsynt med deponi, då boreslammet kan avvatnast og nyttast til dekning på grøft og på vegar. Dei to andre alternativa treng heller ikkje så høg standard på veg, og er godt tente med ein kombinasjon av anleggsveg og skogsveg

3. Alternativ utbyggingsløysing — kote 745

Det er dette alternativet utbyggjar meiner er det beste og det me ynskjer å byggje ut. Det har tidlegare vore planlagt med tunnel og sjakt frå ca. kote 350 og opptil inntaket. Etter ny kontakt med borefirma, har me endra det til fullprofilborehol i staden. Borefirmaet er akkurat ferdige med eit borehol i tilsvarande dimensjon og lengd som det som er aktuelt for Tveisme. Holet dei har bora er også fora med stålrøyr. Dette vil og vera nødvendig for Tveisme Det vil kun bli helikoptertransport på strekninga frå Dalsløena og opp til inntaket.

Hovuddata

NEDSLAGSFELT (km ²):	8,4
FALLHØYDE (m):	695
INNTAK (Moh):	745
KRAFTSTASJON (Moh):	50
VANNVEI (m):	1 860
INST. EFFEKT (MW):	5,2
PRODUKSJON (GWh):	18,2
SLUKEEVNE (%) :	145 (850 l/s)
RØRDIM (mm):	600
MINSTEVASSFØRING (l/s)	50 (heile året)
RESTFELT (km ²):	2,64
UTBYG.KOSTNAD (kr/kWh):	3,73

Median år:

Antal dagar med avrenning større enn Q maks = 86.

